

### Ulike klassar

Den største klassen i dag er Spriseglklassen. Der har båtane 8 kvm. sprisegl. Men det vert også segla Oselvarar med bermudarigg med ulike storleikar på segla: 8, 10, 15 og 20 kvm. Det vert arrangert Noregsmeisterskap kvart år. Milde Båtlag og Båtlaget Njord/Tysnes arrangerar juniorseglasar for ungdom kvart år.

### Kven kan bli medlem i Oselvarklubben?


Alle som vil støtta opp om Oselvareglinga, anten gjennom aktiv deltaking på regattabanen eller på annan måte gjera sitt til at klubben får gode arbeidsvilkår, kan verta medlem. Merk at Oselvarklubben er ein klasseklubb og ikkje ein seglforening. For å delta i kappseglasar lyt minst ein av mannskapet ombord i båten vera medlem i ein seglklubb som er tilslutta NSF.

### Interessert? Ta kontakt!

Leiar i Oselvarklubben 2002:

Kjell Totland  
Edvard Griegsvei 12  
5037 Solheimsviken  
55 29 68 51 (p)  
55 96 93 53 (a)  
Fax 55 95 93 93

E-post: [kjell.totland@nhh.no](mailto:kjell.totland@nhh.no)



### Internett:

På adressa under finn du informasjon om Oselvaren som regattabåt:

<http://www.angelfire.com/co3/kjellmag/oladilt.html>

Tekst, foto og bladbuad: Kjell Magnus Økland

# OSELVARKLUBBEN



*Klasseklubb for Oselvaren brukt som regattabåt*



## Kva er Oselvarklubben?

Oselvarklubben er ein felles klasseklubb for dei regattarigga Oselvarbåtane og seglarane deira. Føremålet til Oselvarklubben er:

1. Å fremja seglarinteressa og arbeida for auka utbreiing av Oselvaren som seglbåt.
2. Å ta vare på Oselvarseglarane sine felles interesser utad.
3. Å fastsetja felles klassereglar for Oselvarbåtane. Klassereglane vert godkjende og administrerte av Noregs Seglforbund.
4. Å tildela båtane registreringsnummer og føra register over båtane.

### Bakgrunnen for Oselvarklubben



Oselvaren har vore nytta som regattabåt samanhengande heilt sidan slutten av 1800-talet, med unntak i krigsåra 1940-45. I 1945 vart Bergen og Hordaland Seilersamband skipa for å skapa så like tilhøve som råd mellom tevlande Oselvarar frå ulike båtlag. I tillegg laga BHSS terminlister for kvar sesong. Då Norges Seglforbund vart stifta i 1970 vart

den organiserte seglsporten innlemma i Norges Idrettsforbund. Norges Segl-forbund og Hordaland Seglutval (frå 1978 Hordaland Seglkrets) tok over oppgåvene og funk-sjonane som BHSS tidlegare hadde hatt.

Denne utviklinga gjorde det meir gunstig for Oselvaren å få sin eigen klasseklubb, tilliks med andre regattaklassar. 18. februar 1974 vart difor BHSS omorganisert og skifta namn til Oselvarklubben. I 1978 vart Oselvaren godkjent av NSF som nasjonal klasse. Dermed hadde ein høve til å arrangera egne Noregsmeisterskap for Oselvarar.



### Oselvar – ein tradisjonsbåt brukt til kappsegling

Av dei norske tradisjonsbåtane er kappseglingsutgåva av Oselvaren på mange måtar yttarleggående. Det er fartseigenskapane som står i høgsetet under bygginga av ein kappseglingsoselvar, ofte vert dei då bygd noko skarpere og rankare enn elles. For å hevda seg i ein regatta i dag krevst nymotens rigg og segl. I tillegg lyt båten vera rigga optimalt dersom farten skal verta stor nok til å liggja mellom dei fremste. Måten ein seglar Oselvaren på er heilt uvanleg om ein samanliknar med andre tradisjonsbåtar: båten vert heile tida pressa til det maksimale av kva båten og riggen kan tola og kollseglingar er også ein del av spelet, men heldigvis ikkje så ofte. Sportsleg sett er Oselvaren fullt på høgd med moderne jollebåtar og kan by på alle dei utfordringar som ein seglar måtte ynskja seg både når det gjeld teknikk, krav til tolmod i lite vind og fart og spaning i mykje vind.

### Dei ulike Oselvarlaga

I dag har 5 lag aktive Oselvarmiljø: Båtlaget RAN, Hjeltestad Seilforening, Milde Båtlag, Austevoll Seilforening og Båtlaget Njord/Tysnes. Sesongen varer frå tidleg i juni til ut september og ein aktiv seglar kan få med seg omlag 10 Oselvar-regattaer.